



GLOPPEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	07.06.2007	046/07
Kommunestyret	18.06.2007	021/07

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Bjørn Aurlien	Arkiv: L12	04/828-14

ENDRING AV REGULERINGSPLANEN SMÅBÅTHAMNA - ØYRANE

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	15.04.2004	Sandane Småbåtlag	Søknad om endring av reguleringsplan og utviding av småbåthamna på Øyrane
2	U	19.04.2004	Nordfjord Havn IKS	Eventuell utviding av småbåthamn på Sandane
3	I	25.05.2004	Nordfjord Havnevesen IKS	Utviding av småbåthamna på Sandane
4	U	17.06.2004	Sandane Småbåtlag	Utviding av småbåthamna på Øyrane
5	I	09.04.2006	Sandane Småbåtlag	Utviding av småbåthamna på Øyrane
6	I	18.05.2006	Sandane Småbåtlag	Utviding av småbåthamna - Synfaring
7	I	22.05.2006	Sandane Småbåtlag	Søknad om utviding av Sandane Småbåthamn på Øyrane
9	I	31.05.2006	Nordfjord Folkemuseum	Flytebrygge på Øyrane
10	U	07.06.2006	Sandane Småbåtlag	Småbåthamn på Øyrane
11	I	13.06.2006	Nordfjord Havn IKS	Søknad om utlegg av flytebrygge på Sandane
12	U	02.02.2007	Formannskapet	Revisjon av reguleringsplanen småbåthamna - Øyrane
15	U	16.05.2007	Sandane Småbåtlag; Nordfjord Folkemuseum; Jan-Kjetil Øygard	Reguleringsendring for småbåthamna - Øyrane, innkalling til møte

Saksvedlegg:

Kart over planområdet.

Bakgrunn for saka:

Reguleringsplan for småbåthamna – Øyrane vart vedteken i 1999. Fleire ulike forhold gjer at det nå er aktuelt å ta planen opp att til revisjon.

Saksutgreiing:

Formannskapet handsama 2.juni 2006 søknad frå Sandane småbåtlag om å legge ut flytebrygge innover frå kommunen sin eigedom på Øyrane. Formannskapet gjorde slik vedtak:

Gloppen formannskap gir dispensasjon frå reguleringsplan for Småbåthamna – Øyrane vest, slik at Sandane småbåtlag kan legge ut brygge frå kommunen sin eigedom som omsøkt. Dispensasjonen er tidsavgrensa til arealbruken i området er endeleg avklara ved ein ny gjennomgang av reguleringsplanen. Småbåtlaget forpliktar seg til å fjerne

anlegget utan kostnad for kommunen dersom planavklaringa viser at anlegget ikkje kan ligge permanent.

Med støtte frå Direktoratet for naturforvaltning kjøpte Gloppen kommune hausten 2006 gbnr. 69/100. Eigedomen er i gjeldande reguleringsplan avsett til bustadformål. Formålet med kjøpet er at området skal nyttast til friluftsmål (mellom anna badeplass) og kulturformål knytt opp mot museet. Det er ein føresetnad at arealbruken vert avklara gjennom ein samla plan.

På februar møtet i formannskapet la rådmannen fram eit notat om situasjonen og utviklinga innafor planområdet dei siste åra, og tankar om mogleg utvikling framover. Rådmannen oppfatta eit ønskje frå formannskapet om å få utvikla området til noko meir enn det er i dag.

Det er etter det rådmannen kjenner til sett i gang arbeid med avvikling av Stiftinga Nordfjordjekt. I den grad deira intensjonar om bygging av jektekopi vil bli vidareført, vil dette truleg bli i regi av Nordfjord folkemuseum. Kjøpet av gbnr. 69/100 opnar for andre løysingar i området, og arealet avsett til jektebygging i gjeldande plan er neppe aktuelt til dette formålet lenger.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen ønskjer å ta heile planen opp til ny vurdering, sjølv om det nok er området langs sjøen frå jektenustet til småbåthamna som er mest aktuelt å gjere endringar for. Her vil i hovudsak vere tre aktørar på dette området: småbåtlaget, museet og kommunen, som i stor grad har felles interesser. Det største konfliktområdet rådmannen ser i utgangspunktet er kombinasjonen småbåthamn og badeplass. Det vil bli sett ned ei arbeidsgruppe for å avklare dette og andre aktuelle spørsmål.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre vedtek oppstart av reguleringsarbeid for området småbåthamna – Øyrane.

07.06.2007 FORMANNSKAPET

046/07 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

18.06.2007 KOMMUNESTYRET

021/07 VEDTAK:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.